

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Fretheim hotell, Flåm

Dato: 30.11.2021

Tidspunkt: 13.30 - 15.00

Styremøtet blir gjennomført etter dialogmøtet med Rådgjevande utval.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:
joval@statsforvalteren.no.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 70/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 71/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 72/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ul style="list-style-type: none"> - Framdriftsplan revidering av forvaltningsplan - Kjøp av tenester 2022 		
RS 13/21	Kopi - avslag - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - gjerde og tiltak på sel - Gunnstein Ohnstad	2020/10171	
RS 14/21	Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi	2021/15855	
ST 73/21	Delegerte saker		
DS 25/21	Delegert vedtak - Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Horten - helikoptertransport - frakt av viltkjøt	2021/15219	
ST 74/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen - ulovleg tiltak	2021/8184	
ST 75/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2022 og bestilling av tenester SNO	2021/16499	
ST 76/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2022	2021/16652	

ST 70/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 71/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 72/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 13/21 Kopi - avslag - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - gjerde og tiltak på sel - Gunnstein Ohnstad

RS 14/21 Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi

ST 73/21 Delegerte saker

DS 25/21 Delegert vedtak - Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Horten - helikoptertransport - frakt av viltkjøt



Arkivsaksnr: 2021/8184-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	74/21	30.11.2021

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen - ulovleg tiltak

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre melder Statens vegvesen til politiet for ulovleg massedeponiet i Nærøyfjorden landskapsvernombord på Langhuso, med heimel i naturmangfaldlova kapittel IX § 75. Tiltaket er eit brot på verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.1. a). Området er verna mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. «*Dette er til dømes ...utfylling, planering og lagring av masse...*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. a).

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Spørsmål om tiltak – deponi ved Gudvangatunnelen, Aurland kommune 26.05.2021
- Svar på spørsmål om tiltak – deponi ved Gudvangatunnelen, Statens vegvesen 17.08.2021
- Førehandsvarsle om pålegg av retting og ileygging av tvangsmulkt, Aurland kommune 18.08.2021
- Nærøyfjorden verneområdestyre, saksprotokoll 54/21, 31.08.2021
- Framdriftsplan opprydding, svar frå Statens vegvesen, 28.09.2021
- Utfylling ved eksisterande massedeponi nær Gudvangatunnelen – informasjon frå Statens Vegvesen, 25.10.2021
- Massedeponi ved Gudvangen – ny frist for retting jf. pbl. § 32-2 – svar frå Aurland kommune, 28.10.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Veileder M-617/2016 – Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008



Nærøyfjorden verneområdestyre


På Langhuso ved Gudvangatunnelen var det etablert eit massedeponi i samband med bygging av Gudvangatunnelen på 1980-talet. Dette deponiet var etablert før området vart verna som Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Vernegrensa vart lagt utanom tunnelmunning og deponiet i dette området. Frå 2014 og fram til i dag (sjå flyfoto frå 2014 og 2019) er massedeponiet utvida, og deponiet er kome innanfor grensa til Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Heile dette området ligg i tillegg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Bildet under er tatt frå den delen av massedeponiet som er innanfor landskapsvernombordet. Massane inneholder steinmassar frå tunnelen, og i tillegg restar av PE-skum frå tunnelen.



Deponerte massar på fyllinga ved Gudvangatunnelen. Kopi av bilde i brev frå Aurland kommune. Bildet er tatt 06.05.2021.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Kartutsnitt som viser vernegrensa (grøn strek) som går gjennom massedeponiet ved Gudvangatunnelen



Fylkesatlas, flyfoto 2014 med vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernombåde



Fylkesatlas, flyfoto 2019 med vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernombåde

I sak 54/21 gjorde Nærøyfjorden verneområdestyre vedtak om retting av tiltaket med massedeponi i Nærøyfjorden landskapsvernombåde. Viser til saksutgreiinga i saka. Etter vedtaket vart gjort kjend, vart verneområdeforvaltar kontakta av Miljødirektoratet med spørsmål om styret har vurdert å anmeld det ulovlege tiltaket med massedeponi i Nærøyfjorden landskapsvernombåde. På bakgrunn av spørsmål frå Miljødirektoratet ville styret vurdera anmelding av tiltaket.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombåde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitegang, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. «Dette er til dømes ...utfylling, planering og lagring av masse...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. a).

I vedtekten for verneområdestyret fastsett 4. juni 2010 kap 8.6 står følgjande:
«Styret har som forvaltningsstyrsemakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/meld til politiet eller vert rapportert til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjoner, jf. naturmangfoldlova kap. VIII.»

Miljødirektoratet publiserte, i 2016, ein rettleiar for korleis miljøforvaltninga skal følgje opp ulovlege forhold i verneområde. Rettleiaren gir oversikt over kva verkemiddel forvaltninga kan nytte, og korleis ein bør følgje opp slike saker. Mellom anna står følgjande som er relevant for denne saka:



Side 5, punkt 1.3: «*Det er viktig at forvaltningen følger opp overtredelser, og helst bør dette skje så raskt forvaltningen får kjennskap til overtredelsen. En utbredt praksis med etterfølgende tillatelser vil gi et uheldig inntrykk av at det er «enklere å få tilgivelse enn tillatelse». Manglende oppfølging av overtredelser i verneområder kan føre til at respekten for vernereglene svekkes. Det vil også virke urettferdig for de som følger regelverket dersom manglende etterlevelse ikke får konsekvenser.»*

Side 5 og 6, punkt 2.1: «*Begrunnelsen for å bruke straff som virkemiddel er først og fremst den allmennpreventive effekten straff har, ved at straffen virker avskreckende på andre som får høre om saken. ... Hovedregelen er at overtredelser av naturmangfold-loven kap. V, verneforskrifter og enkeltvedtak skal anmeldes. I vurderingen av hvorvidt en overtredelse skal anmeldes eller ikke, må effekten av ikke å anmeldе overtredelsen også vektlegges. Anmeldelse stenger ikke for andre reaksjoner som krav om retting/tilbakeføring....»*

I rettleiaren vert ulovlege fysiske inngrep av varig karakter som t.d. vegbygging, bygningar og andre anlegg, nemnt som tiltak som normalt skal meldast til politiet.

Vurdering

I fylgje vedtekten til verneområdestyret, har styret eit sjølvstendig ansvar å vurdera reaksjonen på eit ulovlege tiltak i eit verneområde. I denne saka må styret vurdera om tiltaket bør meldast som ulovleg tiltak med heimel i naturmangfaldlova § 75. Det skal mellom anna leggjast vekt på om det er føreligg allmennpreventive omsyn.

Før eit tiltak vert sett i gang, har tiltakshavar plikt til å henta inn informasjon om området og ha naudsynte dispensasjoner for å gjennomføra tiltaket. Statens vegvesen er ein stor offentleg aktør som har gode føresetnadnar for å setja seg inn i kva reglar og restriksjonar som er i eit område. I dette tilfellet har ikkje tiltakshavar gjennomført naudsynte undersøkingar på førehand.

I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombjørde er det ikkje opning for å gje dispensasjon til lagring av masse. Lagring av masse er difor i strid med verneforskrifta og er eit ulovleg tiltak.

Når mindre påbygg på private bygg har blitt meldt til politiet, vil det vera forskjellsbehandling om denne saka ikkje vert politimeld. Denne saka vil også skapa presedens for kva ulovlege tiltak som vert meld til politiet.



Arkivsaksnr: 2021/16499-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 19.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	75/21	30.11.2021

Nærøyfjorden verneområdestyre - tiltaksplan 2022 og bestilling av tenester SNO

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek tiltaksplan og bestilling av personalressursar frå SNO i 2021. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justere budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

TILTAKSPLAN FOR NÆRØYFJORDEN 2022			
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Kven gjennomfører tiltaket?	Prioritering
Skjøtsel av kulturlandskap			
Styvi-Holmo	280 000	Grunneigar	
Stigen	90 000	Grunneigar	
Stalheimskleiva	200 000	Grunneigar + innleigd	
Øvste Stigen - Åsen	10 000	Grunneigar	
Stokko	60 000	Grunneigarar + innleigd	
Fronnes, slå bregner +område C med kulturminne	30 000	Grunneigar + innleigd	
Skogane	15 000	Grunneigar	
Hjølmo	5 000	Grunneigarar	
Nedbergo	20 000	Grunneigar + innleigd	
Jeiskali	10 000	Grunneigar	



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Styvingstre mellom Bleiklindi-Holmo	10 000	Innleidg	
Trapp Skogastova pluss uttransport av gamalt skrot	20 000	Innleidg	
Fjerning av gammalt metallskrot og gjerde frå naturen	20 000	Grunneigar, forvaltar, kommunen	
Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar			
Sti Dyrdal - Salthella - Skogane - (Rognaldsskori) - Dyrdal	20 000	Grunneigar, innleidg	
Hovdungo, restaurering av sti	82 000	SNO, grunneigar, Stibygjaren	
Rimstigen	8 000	Grunneigarar og grendalag	
Sti til Stigen og Beitelen	20 000	Grunneigar	
Postvegen Bleiklindi-Styvi	20 000	grunneigar	
Gamlevegen i Dyrdal	3 000	Grunneigar	
Grøfter gamle Bakkaveg	15 000	Grunneigar/grendalag	
Sti Styvisdalen, Handadalen og Jeiskali	20 000	Innleidg	
Stiar Fresik	10 000	Grunneigarar og grendalag	
Stien til Nedbergo	42 000	Innleidg	
Tilstandsrapport/kostnadsoverslag større restaurering av postvegen	20 000	Innleidg	
Geologisk undersøking og planlegge tilrettelegging av sti til Odnesfossen	10 000	Innleidg	
Gamlevegen i Undredal	175 000		??
Tilrettelegging og informasjonstiltak			
Skilt og infrastruktur på innfallsportar	50 000	NVP, forvaltar	
Namneskilt langs stien til Skogane	10 000	forvaltar, NVP	
Sum	1 275 000		

Bestilling personalressurs SNO 2022

Tilrettelegging

Sti Vassete - Breiskrednosi, varding

Mur i Galden på stien til Hovdungo



Tilstandsrapport postvegen Bleiklindi - Styvi
Illestigingsplassar ved fjorden, etablere permanente bålpassar
Setje opp informasjonsskilt
Ferdselsteljar ved Odnesfossen
Skjøtsel
Fylgje opp skjøtselsavtalar Dyrdal, Fresvik, Nedbergo
Avslutta arbeid med styvingstre mellom Bleiklindi-Holmo
Fjerne rynkerose på Fronnes og Indre Frønningen
Bevaringsmål
Urvalmuekartleggin i Inste Drøfta
Kartlegge spreiing av gran i Nordheimsdalen
Overvake og fjerne gran og platanlønn i Nærøydalen og Stalheim
Tilsyn og kontroll
Fylgje opp dispensasjonssaker
Fartskontroll på Nærøyfjorden
Kontrollere erosjonsskapdar Dyrdal - Bakka
Tilsyn med rasteplassar langs fjorden
Byte ut gamle verneskilt
Sjå etter kulturminne ved smelting av Syrdalsbreen og Fresvikbreen
Overvåke mispel i Flåm og Undredal

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022. Miljødirektoratet 16.11.2021
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Rapport nr. 1-2008

I stasbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Bruken av desse midlane blir nærmare skildra i ein femårig strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde, utarbeida av Miljødirektoratet for perioden 2020-2025. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane i denne strategien er at naturtilstanden i verneområda blir oppretthalde og betra. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er gjengroing, framande artar, forstyrring av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltak som direkte bidreg til å motverke negative påverknadsfaktorar vil bli prioritert.



Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengen i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplasser i tilknytning til verneområder.

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, ev til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Drift og vedlikehald av infrastruktur (vegar, toalett, parkeringsplassar og liknande) utanfor verneområda vert ikkje finansiert over tiltaksmidlane.

Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsysteem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2022 på bakgrunn av forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet, besøksstrategien for Nærøyfjorden og kommunikasjonsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2021, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritera tiltaka, i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Vurdering

Skjøtsel av kulturlandskapet

I Nærøyfjorden landskapsvernområde er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet ein av dei største truslane mot verneverdiane. Oppfylging av område med skjøtselsplan har høg prioritert, og det er trøng for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane. I tråd med



føringane frå Miljødirektoratet foreslår forvaltar at skjøtsel av område der skjøtselstiltak allereie er igangsett blir prioritert høgt. I tillegg bør tiltak som direkte motverkar truslar som gjengroing prioriterast høgt, spesielt der trua naturtypar blir ramma. Trua naturtypar som er registrert i verneområda i Nærøyfjordområdet er i hovudsak urterik slåttemark.

Forvaltar foreslår å fortsette å prioritere kulturlandskapa på Styvi – Holmo, Stigen – Stokko – Undredal, Nedbergo, Dyrdal, og Fronnes på omtrent same nivå som i 2021. Dette er i tråd med prioriteringane i forvaltningsplanen.

I Stalheimskleiva vil det i 2022 vere eit viktig skjøtselstiltak å få på plass beitedyr. Vi er i dialog med grunneigar om dette, og det er budsjettet med midlar til oppsett av nødvendige gjerder. Denne summen kan bli endra når vi har fått henta inn faktisk pris på kva dette vil koste.

Årets prosjekt med uttransport av metallskrot frå verneområdet vart ein suksess, og Aurland kommune ynskjer å samarbeide om ei ny innsamlingsrunde i 2022. På Skogane er det ynskjeleg å få fullført steintrappa til Skogastova, og samtidig få transportert ut gamalt skrot som ligg i terrenget der.

Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar

Forvaltar foreslår å fortsette dei avtalane vi hadde med grunneigarar og rendalag om skjøtsel av stiar og vegar i Dyrdal, på Bakka, i Fresvik, på Stigen og langs postvegen omtrent på same nivå som tidlegare. Dette er stiar som treng årleg vedlikehald. Det blir foreslått å bruke litt meir midlar til rundturen Dyrdal – Salthella – Skogane, og eventuelt vidare til utsiktspunktet Rognaldskori, då det er viktig å få merka denne stien skikkeleg.

I tillegg vert det føreslått å bruka midlar til skjøtsel av stien til Nedbergo. Høgdegarden Nedbergo er eit viktig landskapselement langs Aurlandsfjorden, og det har dei siste par åra blitt brukt midlar på slått og rydding av slåttemark på høgdegarden. Grunneigar ber no om at det kan nyttast midlar til restaurering av stien som spesielt dei siste åra har hatt stor slitasje pga auka ferdsel og meir ekstremt vær med vind og flaum. Grunneigar har henta inn pris på arbeidet med å ubetre dei første 150 høgdemetrane av stien, som er den delen av stien som har størst behov for utbetringar. Tiltak for å betre stien opp til Nedbergo er forankra i skjøtselsplanen for høgdegarden.

Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi har vore utsett for mange større og mindre ras den seinare tida, i tillegg til at enkelte murar byrjar å skli ut. I tillegg er det stor slitasje på stien som tek av frå postvegen og går opp til Odnesfossen. På desse stiane trengs det eit større restaureringsarbeid som må lysast ut. Vi foreslår å bruke midlar i 2022 til å hente inn kunnskap og få laga ein tilstandsrapport for postvegen og ein geologisk kartlegging av grunnen opp til Odnesfossen, som forarbeid til å lyse ut eit arbeid i 2023.

Det vart gjennomført ein del murarbeid på stien til Hovdungo i år, men her står att ein god del arbeid. Spesielt er det behov for å plukke ned og mure opp att i eit bratt parti kalla Galden, der murane har byrja å sige ut. Dette er eit parti på om lag 20 meters lengd, og murane er mellom 0,5 og 1,5 meter høge. Det er rekna at arbeidet vil ta om lag 2 veker med fire personar i arbeid. Undredal rendalag har søkt om støtte til dette arbeidet, og i budsjettet er det lagt opp til at verneområdestyret er med å delfinansierer med 82 000 kr.



I Undredal har eit parti av gamlevegen rast ut. Det er budsjettet at det vil koste om lag kr. 500 000 å fikse dette. Det kan vere aktuelt at verneområdestyret er med å finansiere delar av dette tiltaket. Grunneigarane kan også søke om kulturminnetilskot og tilskot frå verdsarvmidlar.

Tilrettelegging og informasjonstiltak

Forvaltarane vil i 2022 fortsette å samarbeide med Nærøyfjorden Verdsarvpark om tilrettelegging på innfallsportar med infrastruktur og refoliering og oppsett av nye skilt i verdsarvområdet. Dette inkluderer også skilting på utvalde ilandstigningsplassar langs fjorden, der det er behov for å informere dei besøkande om kor det er greitt å telte, tenne bål osv. og kva som ikkje er lov. Skiltarbeidet blir hovudsakleg finansiert gjennom eit prosjekt i Verdsarvparken, og infrastruktur er ofte større prosjekt der kommunen står for hovuddelen av finansieringa. Vi foreslår å sette av 50 000 til delfinansiering av skiltarbeid og infrastruktur ved innfallsportane.

Utrekning av summar til skjøtsel i tiltaksplanen

Tiltaksmidlar til grunneigarar blir rekna ut i frå ein grunnsats på 300 kr for manuelt arbeid og 350 kr for maskinelt arbeid. For slått blir det rekna 700 kr (to timars arbeid) per dekar.

Dersom slåttemarka er kartlagt som naturtype urterik slåttemark (A, B eller C verdi), reknar vi 1500 kr per dekar. Det er då krav om at området skal rakast etter at det er slått. For Styvi og Stigen, som er avhengig av omfattande båttransport av sau til beite, dekkar vi 50% av fraktkostnadane ved transport av sau og slåtteutstyr til Styvi/Stigen. Transport av sau mellom beite blir dekked med 300 kr/t.



Arkivsaksnr: 2021/16652-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 23.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	76/21	30.11.2021

Nærøyfjorden verneområdestyre - drift av styret 2022

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2022 for å handsame saker i verneområdestyret og fylge opp tiltak planlagt i besøksstrategi og tiltaksplan.

Styret kan ta sikte på følgjande årshjul:

Januar/Februar: Styremøte

Mars: Styremøte

27.-28. april: Nasjonalparkkonferanse

April/Mai: Styremøte

Juni: Styremøte

August: Styremøte med overnatting/synfaring

September: Styremøte / dialogmøte med rådgjevande utval

Nov./Desember: Styremøte / bestillingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte avlysast/utsettast. Når det er enkle saker til handsaming kan møte gjennomførast elektronisk.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2022. Forvaltar kan i samråd med leiar justere budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

Drift av Nærøyfjorden verneområdestyre 2021

Budsjett Merknadar

Driftsutgifter for styre og utval

Møtegodtgjering	117 538	7 møte
Reiseutgifter	26 500	7 møte
Møteutgifter	75 000	7 møte
Reiseutgifter for rådgivende utval	5 000	1 møte



Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtekostnader rådgjevande utval	20 000	1 møte
Drift av nettside - besøksforvaltning	10 000	
Sum drift	254 038	

Utgifter i samband med planarbeid		
Skjøtselsplan for rasmrkene under Stigen	40 000	
Revidering av forvaltningsplan, annonsering og møte/konferanse	40 000	
Kartutvikling til revidering av forvaltningsplanen	50 000	
Innsamling/utarbeiding av nødvendig faktagrunnlag til arbeidet med revidering av forvaltningsplanen	100 000	
Sum planarbeid	230 000	
Berekna driftskostnad	484 038	

Saksopplysningar

Jamfør vedtektena *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Dei siste åra har styret hatt 7-10 møte i løpet av året. I 2021 vart det gjennomført 8 ordinære møte, der 4 av dei vart gjennomført på teams. Det vart i tillegg gjennomført eit e-postmøte. På to av møtene vart det gjennomført synfaring.

Verneområdestyre kan melde inn behov for driftsmidlar til Miljødirektoratet med frist 10. januar 2022. I tillegg til midlar til drift av styret kan det meldast inn behov for midlar til arbeid med forvaltningsplanar og nettsider. Viss rammene tillèt det, vil Miljødirektoratet også kunne gje midlar til nødvendig kartlegging som grunnlag for forvaltningsplanar og besøksstrategiar samt utarbeiding av skjøtselsplanar.

Vurdering

Møteplan

Forvaltar foreslår å legge opp til 7 styremøte i 2022, fordelt utover året ettersom når det pleier å vere viktige saker å handsame. I august foreslår vi eit to-dagarsmøte med synfaring. Dialogmøtet med rådgjevande utval foreslår vi å gjennomføre i september. Det er planlagt nasjonalparkkonferanse 27.-28. april, som vi håpar styret vil prioritere å delta på.

Dataar for dei første møta bør fastsettast i denne saka.

Planarbeid



I 2021 ba vi om midlar til kartlegging og skjøtselsråd for naturbeitemarkene under Stigen, men dette vart ikkje prioritert. Vi meiner framleis dette er eit viktig tiltak, og vil spele inn arbeid med ein enkel skjøtselsplan for desse markene i driftsbudsjettet for 2022.

Arbeidet med revidering av forvaltningsplanen er no godt i gong, og vi treng midlar til å samle inn eit godt kunnskapsgrunnlag, spesielt for fjordsystemet, der kunnskapsgrunnlaget i dag er dårlig. Det vil også vere nødvendig å få utarbeida ein del gode temakart til forvaltningsplanen. I forbindelse med at planen skal sendast på høyring vil det vere behov for midlar til annonsering. Det vil også vere aktuelt å arrangere fleire møte eller ein litt større konferanse i høve revideringa av planen.

Drift av styret

I 2021 løyvde Miljødirektoratet 220 000 til drift av Nærøyfjorden verneområdestyre.

For 2022 foreslår vi å budsjetttere med 254 038 til drift av styre og rådgjevande utval. Talet er høgre enn 2021 i hovudsak på grunn av den planlagde nasjonalparkkonferansen. Elles forventar vi at møtekostnadene blir på linje med 2021.

Driftskostnadane er utrekna etter satsane for 2021, og vil oppjusterast til 2022-satser før vi sender inn til Miljødirektoratet.